



UNIVERSITETET I BERGEN
Molekylærbiologisk institutt

PROTOKOLL PROGRAMSTYREMØTE

08.NOVEMBER 2010, KL. 1215 ROM 542A2 (C-TERMINAL)

Tilstades: Hee-Chan Seo (leiar, Gr. A) Rune Male (Gr. A), Øyvind Halskau (Gr.A), Linda Hjørnevik (Gr. B), Thomas Kalvik (Gr. D), Kristin Gravdal (Gr. D), Marielle Hauge (sekretær).

SAK I: INNKALLING OG GODKJENNING AV SAKSLISTE

VEDTAK: Innkalling og saksliste vart godkjent.

SAK II: GODKJENNING AV REFERAT 09.september 2010

Vedlegg 1: Referat frå programstyremøte 09.september 2010

VEDTAK: Referatet vart godkjent.

SAK III: ORIENTERINGSSAKER

▪ **Søklarar til master i molekylærbiologi, start vår 2011**

Det er totalt åtte søklarar til masterprogrammet i molekylærbiologi, der sju av søklarane har molekylærbiologi som førsteprioritet. Ein av søklarane har bachelor i molekylærbiologi.

▪ **Intern overgang til bachelor i molekylærbiologi haust 2010**

Tre bachelorstudentar har søkt om intern overgang til bachelorstudiet i molekylærbiologi frå og med vår 2011. Ein student har søkt seg vekk i frå bachelorstudiet i molekylærbiologi.

Vedlegg 2: Internovergang våren 2011

▪ **Gjennomgang av Erasmus-avtalar som er gyldig til og med vår 2011**

Ved MN fakultetet vil 55 Erasmus-avtalar gå ut studieåret 2010/2011, der tre tilhøyrrer Molekylærbiologisk institutt. Avtalane er hos Universidade Católica Portuguesa, Portugal, University of Leicesters, Storbritannia (kun lærarutveksling) og Université de Paris XII-Val de Marne, Frankrike. Det er ikkje registrert nokon inn- eller utreisande på avtalane eller noko fagleg samarbeid med dei nemnte institusjonane, men studieadministrasjonen kjenner til at det er interesse for avtalen i Paris. Avtalane i Portugal og Storbritannia blir derfor avslutta.

▪ **Bruk av ekstern sensor på munnleg eksamen**

Studiestyret har diskutert bruken av ekstern sensor på munnlege eksamenar og vedtatt at det normalt skal vere ein ekstern sensor ved munnlege vurderingar. I dei tilfelle det ikkje er mogleg å finne ein fagleg kvalifisert ekstern sensor, kan programstyret oppnemne ein intern sensor som ikkje var med i undervisinga av emnet og som vurderast som fagleg kvalifisert og nøytral i forhold til studentane som skal vurderast.

Vedlegg 3: Retningslinjer for ekstern sensor ved munnleg vurdering i emne – Studiestyret sitt vedtak

▪ **Ny søknadsfrist for opptak til masterstudiet haust 2011**

Søknadsfristen for opptak til masterstudiet haust 2011 er endra frå 1.juni til 15.april. Årsaka til endringa er å samordne fristen med resten av universiteta i Noreg. Frist for ettersending av vitnemål er framleis 1.juli.

- **Karakternivå og læringsutbytte**

Etter vedtak i styremøte i UHR 8. og 9.april er det avklart at ein ved utarbeiding av læringsutbytte kan halde seg til UiB sitt tidlegare vedtak om å bruke karakternivå C. Fristen for å sende inn ferdig læringsutbytte og læringsmål er midten av september 2011.

- **Læringsutbytte og læringsmål**

Fristen for å melde inn læringsutbytte og læringsmål er medio september 2011 (fristen for større studieplanendringar). Alle emne- og programansvarlege skal skrive læringsmål og -utbytte. MN-fakultetet har laga ei informasjonsside om læringsmål og -utbytte: <https://wikihost.uib.no/matnat/index.php/L%C3%A6ringsutbytte> Under "Hvordan beskrive læringsutbytte" ligg det døme på læringsutbytte for emne og program. Gruppe A ved MBI vil bli informert om prosessen i møte 3.desember 2010.

- **Program for evaluering og kvalitetsutvikling (PEK) – Prosjektmidlar 2011**

Molekylærbiologisk institutt ved Øyvind Halskau sendte inn søknad om PEK-midlar for 2011. MN fakultetet mottok totalt tre søknadar og har rangert søkerane, der søknaden frå Molekylærbiologisk institutt er rangert som nummer tre.

Vedlegg 4: Program for evaluering og kvalitetsutvikling (PEK) – Prosjektmidlar 2011

- **MOL216 Toksikologi**

Instituttleiar ved institutt for biologi har ytra ønske om å overføre emnet MOL216 Toksikologi til nemnte institutt. Molekylærbiologisk institutt vil ikkje gi eit endeleg svar før MBI sin strategiplan er vedtatt og emnet vil derfor gå som normalt. Institutt for biologi har meldt inn ei oppretting av emnet BIO216. Dette er ei større studieplanendring som vil gjelde frå og med studieåret 2011/2012. BIO216 og MOL216 vil dele undervisning på same måte som emna MOL211 Virologi og MAR271 Fiskesjukdommar – virologi.

VEDTAK: Sakene blei tatt til orientering.

SAK 14/10 Masterdag ved Molekylærbiologisk institutt

Torsdag 9.september arrangerte instituttet ein masterdag der potensielle rettleiarar frå instituttet og eksterne samarbeidsgrupper/institusjonar presenterte forskinga si og moglege masteroppgåver. Målgruppa var masterstudentar som byrja vår og haust 2010 og var informert om dagen ved studiestart, Mi Side og e-post. Grunna minkande antal tilhøyrarar utover dagen måtte dei siste presentasjonane avlysast. Masterkoordinator, programstyreleiar og instituttleiar har diskutert hendinga. Det krev tid og ressursar å førebu og presentere forskning og oppgåver, samt reisetid for eksterne samarbeidspartnarar. Viss forskarane blir møtt av lavt studentoppmøte kan dette gi negativt omdømme for MBI som institutt og gjere det vanskeleg å hente inn eksterne rettleiarar som ønskjer å ta i mot ein masterstudent frå MBI.

VEDTAK: Programstyret diskuterte rutinane rundt val av masteroppgåve og foreslo ei endring av dagens rutinar. Masterkoordinator Rune Male foreslo å opprette ei liste/database over tilgjengelege masterprosjekt. Studentane må levere inn rangert søknad om masterprosjekt i byrjinga av 2.semester. Kvar rettleiar kan ikkje få meir enn to studentar med anna det er ein særskilt årsak. Studieadministrasjonen rangerar søknadane i samråd med masterkoordinator og rettleiar. Ingen studentar kan inngå ein avtale med rettleiar i 1.semester av masterstudiet. På denne måten har studentar eit semester til å vurdere og orientere seg om fleire masteroppgåver utan at aktuelle oppgåver blir valt av ein medstudent.

SAK 15/10 Innstilling frå arbeidsgruppa for tverrfaglege studieprogram og brukaremneundervising – høring og implementering av studieadministrative rutinar

Arbeidsgruppa for tverrfaglege studieprogram og brukaremneundervising leverte rapporten 26.mai 2010 og studieadministrasjonen ved fakultetet har utarbeida forslag til nye administrative rutinar og evaluering av tverrfaglege program. Fakultetet ber institutta gi tilbakemelding på rapporten.

VEDTAK: Programstyret hadde ingen kommentar til rapporten.

Vedlegg 5: Innstilling frå arbeidsgruppa for tverrfaglege studieprogram og brukaremneundervising – høring og implementering av studieadministrative rutinar

SAK 16/10 Komité for gjennomgang av laboratorieemna ved Molekylærbiologisk institutt

Instituttrådet oppnemnte våren 2010 ein komité som fekk som følgande mandat:

Komiteen skal gå igjennom deloppgavene i de ulike laboratoriekursene våre og komme med forslag til tiltak som sørger for en naturlig overgang mellom kurs, samt mellom deloppgaver innenfor de ulike kursene. I tillegg skal komiteen se på overordnet faglig helhet, hva dekkes av kursene våre og hva mangler? Den samme komiteen får til ansvar å påse at de foreslåtte mindre endringene i de spesifikke emnene blir fulgt opp/rettet opp av emneansvarlig.

Komiteen har føreslått å legge ned MOL219 Molekylær bionanoteknologi og opprette eit meir avansert valfritt laboratorieemne på 300-nivå, retta mot masterstudentar og stipendiatar. Emnet skal vere eit laboratorieemne på 10 studiepoeng og ta for seg mass spectrometry (MS), interaksjonsstudium (med bruk av blant anna Biacore) og nuclear magnetic resonance (NMR). Grunna NMR er det naudsynt å gå i dialog med Kjemisk institutt om opprettinga av eit slikt emne. Komiteen ønskjer at opprettinga av eit slikt emne blir gjort til 1.oktober 2011, som er fristen for innmelding av større studieplanendringar. Arbeidet med å opprette eit slikt bør derfor settast i gang så snart som råd.

VEDTAK: Programstyret diskuterte kva som eksisterer av noverande emne ved UiB og på eit nasjonalt plan. Ein må avgjere kva emnet skal innehalde og om det skal vere eit teoretisk eller praktisk kurs. Øyvind Halskau tek kontakt med Kjemisk institutt for å høyre om moglegheitene for bruk av NMR i eit nytt emne ved Molekylærbiologisk institutt. Arnt Raae vil bli kontakta angående Biacore, og Aurelia Lewis og Kari E. Fladmark vil bli kontakta angående MS.

Vedlegg 6: Svar til Instituttrådet frå komité for gjennomgang av laboratorieemna ved Molekylærbiologisk institutt

SAK 17/10 Oppfølging av masterstudentar ved Molekylærbiologisk institutt

Våren 2010 mottok Instituttrådet ei bekymringsmelding om masterstudentane sin innsats på masteroppgåva. Programstyret fekk saken og gjennomførte ei spørjeundersøking blant masterstudentane i 3. og 4.semester og deira hovud- og medrettleiarar. Ut i frå spørjeundersøkinga var det knapt halvparten av rettleiarane som var einige med Instituttrådet sin påstand, og Programstyret konkluderte med at ein del av problemet kan løysast gjennom betre kommunikasjon mellom student og rettleiar. Programstyret presenterte oppsummeringa av spørjeundersøkinga og konklusjonen. Det vart føreslått å utarbeide råd til oppfølging som kan sendast ut til rettleiarar ved MBI.

Vedtak: Skrivet "Oppfølging av masterstudentar ved Molekylærbiologisk institutt" vart godkjent. Studieadministrasjonen sender det ut til rettleiarar for masterstudentar.

Vedlegg 7: Oppfølging av masterstudentar ved Molekylærbiologisk institutt

SAK 18/10 Emne med laboratorierotasjon

Programstyreleiar Hee-Chan Seo har ytra ønske om å opprette eit emne der studenten er innom fleire laboratorium ved MBI og får innsikt i ulike delar av forskinga ved instituttet. Studenten kan velje mellom ulike pakkeløysingar som inneheld til dømes fem forskjellige forskingsgrupper ved instituttet. Hausten 2008 føreslo professor Seo å opprette eit labemne i molekylærbiologi etter modell av NANO100. Eit slikt emne kan inngå som eit valemne i tillegg til eller erstatte MOL231 Prosjektoppgåve i molekylærbiologi. Eventuelt kan emnet inngå som eit obligatorisk emne i bachelorgraden i molekylærbiologi.

Vedtak: Programstyret diskuterte mogleighetene for å opprette eit nytt laboratorieemne etter forslag frå Hee-Chan Seo. Viss ein plasserar eit slikt emne i slutten av graden vil studenten få mindre eksperimentelt utbytte, men eit stort utbytte på kjennskap til instituttet. Om emnet er tidleg i graden kan ein nå fleire studentar og introdusere studentane til dei mest basale metodane i molekylærbiologi. Emnet må bli lagt til 2. eller 3.semester og inngå som eit av forkunnskapskrava til MOL202 Eksperimentell molekylærbiologi. Ved å flytte dei mest elementære øvingane frå MOL202 til eit tidlegare labemne kan ein tilføye meir avanserte teknikkar i MOL202. Ei ulempe ved å auke antal obligatoriske emne i graden er at det reduserar valfridommen til studentane. Dette gjeld særleg for valemne på hausten. I tredje og femte semester (haust) har studentane mogleighet til å velje 20 eller 30 sp valemne, avhengig av om dei tek statistikk (10 sp) på hausten. Haustemne inngår ofte i forkunnskapskravet til våremne. Ein reduksjon av valemne på hausten kan føre til at studentane ikkje kvalifiserer for valemne i vårsemesteret.

Sekretær Marielle Hauge foreslo å legge inn praktisk gruppearbeid på laboratorium i MOL200. Studentane blir delt inn i grupper og må skrive ei obligatorisk semesteroppgåve og presentere denne. Emnet har rundt 25 BAMN-MOL studentar per semester, og desse kan delast i grupper på 4-5 studentar. Den teoretiske semesteroppgåva kan bli bytta ut med praktisk laboratoriearbeid der studentane får lage bufferar og kjøre SDS-PAGE, og presentere resultatet. Desse øvingane kan då takast ut frå MOL202 og erstatta av meir avanserte teknikkar i MOL202. Studentane får kjennskap til ei av forskingsgruppene ved MBI og blir meir knytt til instituttet. I tillegg reduserar ein ikkje omfanget av valemna i bachelorgraden ved å endre på obligatorisk aktivitet i eit eksisterande obligatorisk emne. Ei eventuell endring vil medføre at instituttet må bruke laboratorieressursar på 20-30 studentar.

Saken vil bli tatt vidare til Instituttrådet av sekretær Marielle Hauge.

Vedlegg 8: Oppretting av nytt emne MOLxxx.

SAK 19/10 Poster i MOL231 Prosjektoppgåve i molekylærbiologi

I MOL231 må studenten ha godkjent journal og presentere ein poster for å bestå emnet. Posterpresentasjonen i MOL231 Prosjektoppgåve i molekylærbiologi blir arrangert ved MBI kvart semester. I tillegg til studentane kan andre ved MBI presentere posterar og delta i konkurransen om beste poster.

Det er ønska ein diskusjon om produksjon og presentasjon av ein poster framleis skal vere ein del av det obligatoriske arbeidskravet i MOL231.

Vedtak: Halde fram med posterpresentasjon som ein del av det obligatoriske arbeidskravet i MOL231.

SAK 20/10 Gjennomføring av bachelor i molekylærbiologi og opptak til master i molekylærbiologi.

Ved masteropptaket haust 2010 var det fire interne søkjarar med bachelor i molekylærbiologi (BAMN-MOL) som takka ja til studieplass. Grunna dette har studieadministrasjonen sett på gjennomføring for kull frå og med haust 2005 og vidare opptak til master i molekylærbiologi. Orienteringa vil bli lagt framfor Instituttrådet i midten av november.

Vedtak: Orienteringa om gjennomføring av bachelor i molekylærbiologi og opptak til master i molekylærbiologi vart godkjent for framlegging for Instituttrådet.

Vedlegg 9: Gjennomføring av bachelor i molekylærbiologi (BAMN-MOL) og opptak til master i molekylærbiologi (MAMN-MOL).

Eventuelt:

○ **Store studieplanendringar ved Institutt for biologi**

Studieplanendringar ved dei ulike institutta ved MN-fakultetet vart handsama i Studiestyremøtet onsdag 3.november. I vedlegget til sak 17/10 Studieplanendringar for studieåret 2011/2012 og mindre studieplanendringar for våren 2011 inngår store studieplanendringar ved Institutt for biologi. Instituttet planlegg ny studieplan for bachelorgraden i biologi frå studieåret 2011/2012 og oppretting av nye emne, blant anna BIO103 Cellebiologi og genetik. Biologistudentane skal ta emnet for å tileigne seg gode forkunnskapar i cellebiologi og genetik før dei tek MOL100 semesteret etter. MBI har ikkje blitt kontakta i prosessen med å utarbeide førebels emneskildring for BIO103 Cellebiologi og genetik. Emneansvarleg i MOL100, professor Dag E. Helland har vurdert emnet til å ha minst 5 sp overlapp med MOL100 Innføring i molekylærbiologi. Programstyreleiar og sekretær for programstyret kjem til å sende eit orienteringsbrev om dette til Institutt for biologi, med kopi til MN-fakultetet.

Vedlegg 10: Ny studieplan for bachelorgrad i biologi, førebels emnebeskriving – BIO103 Cellebiologi og genetik.

○ **Lærarmøte ved Molekylærbiologisk institutt**

Det vil bli arrangert eit lærarmøte innan utgangen av november 2010 for å avklare undervisningssituasjonen for vår 2011 og studieåret 2011/2012.

○ **Godkjenning av masteravtalar**

○ **Studentsøknadar**

Vedlegg

Referat 09.september 2010

Retningslinjer for ekstern sensur ved munnleg vurdering i emne – Studiestyret sitt vedtak.

Program for evaluering og kvalitetsutvikling (PEK) –

Prosjektmidlar 2011.

Innstilling frå arbeidsgruppa for
tverrfaglege studieprogram og
brukaremneundervising – høring og
implementering av
studieadministrative rutinar.
Svar til Instituttrådet frå komité for
gjennomgang av laboratorieemna ved
Molekylærbiologisk institutt.
Oppfølging av masterstudentar ved
Molekylærbiologisk institutt.
Oppretting av nytt emne MOLxxx.
Gjennomføring av bachelor i
molekylærbiologi (BAMN-MOL) og
opptak til master i molekylærbiologi
(MAMN-MOL).
Ny studieplan for bachelorgrad i
biologi

MRH 011110